

Arne Sanden 1955 – 2022



Foto : J Offerdal

Med Arne Sanden sin bortgang , har LIL mista den viktigaste pådrivaren for bygging av ulike idrettsanlegg i Lærdal – spesielt for fotball.

Underteikna sitt første møte med Arne var hausten 72. Han kom på besøk og ærendet var om eg kunne tenkja meg å vera trenar for fotball-juniorane. Då hadde han nett fylt 17 år ! Det var ikkje vanleg at unge spelarar tok slikt initativ.

Frå slutten av 60-talet var Lærdal stadion i dårleg stand – bana hadde vore mykje brukt både vinter og sommar - men med lite vedlikehold. Litt utpå 70-talet var seniorfotballen viktig igjen, med trong for ei god nok bana.

I 1974 var Arne ein del av fotballgruppa og han tok då tak med å utbetra bana. Ved skulen låg det ein del unytta overskots-mold. Etter avtale med kommunen fekk laget denne molda. Arne organiserte dugnad og fekk lagt eit brukbart lag med jord på bana og sytte for såing. Han hadde enno ikkje fylt 19 år.

Lærdal stadion hadde dårlege målstenger. Arne hadde plan for slik utbetring og. Han tok kontakt med røyrleggjar Grønsberg og fekk laga mål av høvelege røyr !

I 1975 – 19 år gamal, vart han valt som leiar i laget. Sommaren dette året måtte han i militærtjenesta. Medan han var der sende han brev med arbeidsoppgåver til underteikna , om kva som burde gjerast.

Etter fullført teneste, heldt han fram med idrettsarbeid. Han var m.a. oppmann for A-laget i fotball i fleire sesongar.

I 1977 var han den første som ordna med deltaking i Norway Cup for lag frå Lærdal.

I 1987 var han tilbake som leiar for LIL i 3 år. I denne perioden vart det arbeidd med å få til ei varmastova for skøyteløparane på Lærdal stadion. Det kom først ei enkel Moelvenbrakka. Litt seinare dukka det opp høve til å kjøpa fleire som tilslutt vart til klubbhus.

På 2000-talet var han leiar i ein lengre periode. Då kom ny grasbana på plass i 2002 , og i august 2006 var kunstgrasbana klar til bruk.

I denne perioden vart **Lærdals turneringa i fotball** ein realitet – ei sers viktig inntektskjelda for laget skulle det visa seg.

Dei neste anlegga var fotballbingane på Øyri, Ljøsne og i Borgund – også med Arne som pådrivar.

Han hadde og ei hand med i omlegginga av gamle Lærdal stadion til skøytearena.

Arne hadde ikkje berre ideane om kva som burde gjerast – men han stod og på sjølv med veldig mykje arbeidsinnsats, både under dugnad og mange gonger åleine.

Arne var ein ekta idealist – og han ville ha ting gjennomført.

Han var utolmodig- og nokre gonger kunne han verta for krevjande. Det er no slik at ikkje alle har same iveren til alt som bør gjerast.

Utan Arne kunne det sett dårleg ut på anleggfronten for idrett i Lærdal !

På vegne av LIL

Magnar Ljøsne